



UNIVERSITETET I BERGEN

Styre

Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Arkivreferanse

2026/478

Styresak

Dokumentdato

19.01.2026

Møtedato

Protokoll frå møtet 26.11.25 - Studiestyret

Vedlegg

- 1 Protokoll frå møtet 26.11.25 - Studiestyret

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 26.11.25

Møtt:

Heming H. Gujord (visedekan), Aidan Conti (LLE), Franz Knappik (FOF), Christian Sæle (AHKR), Kari Jegerstedt (SKOK), John-Wilhelm Flattum (UB), Tord Varhaug Lie (studentrepresentant).

Frå administrasjonen:

Hanne Svanholm Misje, Ellen Vikersveen og Rebekka Nistad.

Observatører:

Deirdre Smith (IF), Jacob Hoffman (AHKR) og Signe Nilssen (LLE).

Ikkje møtt:

Birger Solheim (IF).

Forfall:

Jesse Tomalty (FOF) og Sara Sørholt (studentrepresentant).

I Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjend, men med merknad om eit par skrivefeil i studentrepresentantane sine namn.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 01.10.25

Godkjend.

III Orienteringssaker:

SAK 38/25 Komité for Spurveugleprisen (munnleg orientering)

Heming Gujord orienterte om medlemmene i komitéen: Franz Knappik (FOF), Sara Sørholt (studentrepresentant) og Kari Salkjelsvik (IF). Komiteen vil levere si innstilling til møtet i januar.

IV Diskusjon- og drøftingssaker

SAK 39/25 Prosess og møtefrekvens for sakshandsaming knytt til Studieportefølje-prosjektet.

Hanne Svanholm Misje orienterte om framdriftsplanen for prosjektet.

Studiestyret har eit særskilt ansvar for å sikre at studiekvaliteten i dei reviderte programma blir god, og at innføring og operasjonalisering av dei nye innslaga i programma skjer på same vilkår på tvers av institutt og senter.

Studiestyret drøfta saka, følgjande innspel kom fram i diskusjonen:

- Dei nye spesialiseringane som inkluderer fellesemne bør handsamast så snart som råd etter 15. januar, og først av tiltaka i prosjektet. Dei nye spesialiseringane bør tidleg synleggjerast på uib.no, sidan desse forhåpentlegvis vil bidra inn i rekruttering til studieprogramma. I tillegg er fellesemna obligatoriske i studieplanane, kontra emnepakkar som er valfrie – og det er derfor viktig å sikre dei nye spesialiseringane først.
- Det er gjerne behov for å jobbe i fleire spor etter 15. januar, emnepakkane er meir uoversiktlege enn fellesemna og må førebuast godt til møta i studiestyret.
- Det blei lansert eit forslag om å opprette ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe på tvers av institutt/roller for å gjere eit grundig forarbeid med dei innsendte emnepakkane. Fakultetsnivået må ta ansvar for å lage ein god prosess på dette, som tryggar innsyn og medbestemming.

Studieleiarane har eit særskilt ansvar for å vidaresende ferdighandsama emnepakkar innan 15. januar, i Elements. Studieseksjonen på fakultetet vil setje opp eit par arbeidsstover for studieleiarane for å sikre innsending av emnepakkar, at riktig versjon blir sendt inn og med ein avtale om kven som sender inn dei ulike pakkane.

Styringsgruppa for studieføljeprojektet skal også involverast i arbeidet.

V Vedtakssaker

SAK 40/25 Rapport frå ekstern fagfelle, spansk språk og latinamerikastudium

Til dette møtet i studiestyret blei det lagt opp til at det er undervisningskoordinator for dei aktuelle rapportane frå eksterne fagfeller som legg rapporten fram for studiestyret. Dette vil vi fortsetje med i framtida.

Vedtak Studiestyret tar rapporten til orientering.

SAK 41/25 Rapport frå ekstern fagfelle, kinesisk

Vedtak Studiestyret tar rapporten til orientering.

SAK 42/25 Rapport frå ekstern fagfelle, tysk

Vedtak Studiestyret tar rapporten til orientering.

SAK 43/25 Rapport frå ekstern fagfelle, kjønn, seksualitet og mangfald

Vedtak Studiestyret tar rapporten til orientering.

SAK 44/25 Møteplan for studiestyret for 2026

Møteplanen inneheld fleire møtetidspunkt i vårsemesteret enn normalt, og det er for å ta høgde for arbeidet som må gjerast knytt til Studieporteføljeprojektet og samtidig sikre at studiestyret har tid til sine andre oppgåver. Møte det ikkje er behov for vil bli avlyst.

Møtedatoar vårsemesteret 2026:

28.01.26, 11.02.26 (ved behov), 11.03.26, 15.04.26, 06.05.26 (ved behov), 03.06.26.

Møtedatoar haustsemesteret 2026:

16.08.26, 23.09.26, 25.11.26.

Vedtak Studiestyret godkjenner møteplanen for 2026 med datoane som vert lagt fram i møtet.

Bergen, 10.12.2026

Heming H. Gujord
visedekan

Hanne Svanholm Misje
nestleiar